

Reguleringsplan for

RV 36 MANHEIMSTRÅNDI - HØNSÅ BRU – VERPE

Reguleringsføresegner
Detaljregulering

PlanID 2025001

1. Siktemålet med planen

Siktemålet med planen er å heimle ny bru over Hønså som erstatning for eksisterande bru, i tillegg til oppgradering av eksisterande RV 36 til gjennomgåande standard i samsvar med gjeldande vegnormal. Vassforsyningssystemet for Bø vassverk Herremo skal sikrast. Planen skal gi tilstrekkeleg områdebeskyttelse både for brønnområdet og influensområdet.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1. Støy PBL § 12-7 nr. 3

- Grunnlaget for vurdering av støytiltak for eigedommane i prosjektet er tilrådingane i retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2021 og grenseverdiane i tabell 2.
- Bustader og fritidsbustader som har over $L_{den} 55$ dB på fasaden utanfor støykjenslege rom, og som får ei auke i utandørs lydnivå som følgje av tiltaket på ≥ 2 dB, skal greiast ut for innandørs støy og det skal givast tilbod om støytiltak til dei som har overskriding av krava til innandørs støynivå $L_{eq} \leq 30$ dB i opphalds- og soverom, som angitt i NS 8175:2012 lydklasse C. Dersom det er uforholdsmessig å tilfredsstilla krava i lydklasse C, kan klassa D ($L_{eq} \leq 35$ dB) bli vurdert.
- For bustader og fritidsbustader som har støynivå $L_{den} > 55$ dB på den primære uteplassen sin, og som får ei auke i utandørs lydnivå som følgje av tiltaket på ≥ 2 dB, skal det tilbydast støytiltak av eit utandørs opphaldsareal.

2.2. Byggegrenser mot vassdrag PBL § 12-7 nr. 2

- Tiltak etter pbl. §§20-1 a, f, j, k er ikkje tillate nærare enn 100 m frå Bøelva og 50 m frå bekkar med årsikker vassføring. Tiltak etter pbl. §20-1 l er tillate berre med offentleg eigarform.
- Flaumsikringstiltak med godkjenning etter vassressurslova, bruer og stiar er ikkje omfatta av byggegrensa.
- Det generelle forbodet mot tiltak i pbl §1-8 gjeld ikkje for naudsynte bygningar, mindre anlegg og opplag i 100-metersbeltet langs vassdrag med sikte på vassforsyning, landbruk, fiske, fangst.

2.3. Kulturminne PBL 12-7 nr. 2.

- Før tiltak i tråd med planen igongsetjast skal det setjast opp mellombels anleggsgjerde mot automatisk freda kulturminne ID338137.

2.4. Matjordplan

- Før ein kan få løyve til tiltak innanfor område med dyrka eller dyrkbar jord, skal det føreliggje ein godkjent detaljert matjordplan. Matjordplan skal vere godkjend av landbrukskontoret.
- Matjordplanen skal syne handtering av jorda i anleggsfasen og endeleg situasjon.

2.5. Hensyn til drikkevann og grunnvann

- Tiltak innanfor planområdet skal planleggjast, prosjekterast og gjennomførast slik at vannforsyningsystemet ikkje blir forringa eller får auka risiko for forureining. Omsynet til drikkevatn skal leggjast til grunn som eit overordna premiss ved gjennomføring av reguleringsplanen.
- For tiltak som rører ved eller kan påverke vassforsyningsystemet, skal det peikast ut ein koordinator for drikkevatn. Koordinatorrolla skal vere definert og gjort kjend for kommunen før anleggsstart. Koordinatoren skal ha eit overordna ansvar for å sikre at omsynet til drikkevatn blir ivareteke gjennom heile prosjektet. Dette omfattar mellom anna oppfølging av tiltak og beredskap. Koordinator for drikkevatn skal vere fast kontaktpunkt mot Midt-Telemark kommune som vassverkseigar gjennom prosjektet.

3. Føresegner for arealformål

3.1. Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1. Bustad- frittliggjande småhus, BF

- På kvar tomt kan det byggjast ein einebustad. Der terrenget tillét det (skrått terreng) kan det byggjast utleigedel i underetasje. Maksimal tillate BYA på kvar av tomtene er BYA = 250 m².
- Maksimal gjennomsnittleg gesimshøgde målt frå gjennomsnittleg planert terreng er 5,0 m. Maksimal mønehøgde er 8,0 m.

3.1.2. Fritidsbusetnad – frittliggjande, FBF

- Areal på hovudhytte skal ikkje overstige BYA=125 m² . Samla areal for anneks og/eller uthus skal ikkje overstige BYA=25 m².
- Mønehøgde for hovudhytte skal ikkje overstige 6,0m.

3.1.3. Campingplass, C

- Føremålet skal nyttast som tilkomstområde for campingplassen og tilhøyrande anlegg.
- Det er ikkje høve til å etablere varige oppstillingsplassar for campingvogner og liknande.

3.1.4. Steinbrot og masseuttak, SM

- I formålet kan det drivast masseuttak. Det vil seie at heile masseuttaket, inkludert rasskråninga, skal liggje innanfor område for masseuttak. Før uttaket kan startast opp, skal det føreliggje godkjende driftsplanar med avsluttingsplan.
- SM1 er tillate å drifte ned til kote 117 dersom det fortløpande fyllast opp med massar med

- >20 % fin- stoff (silt/finsand) opp til kote 118 m o h. Området skal takast ut ned til kote 118 uavhengig av interne eigedomsgrensar, slik at masse som ligg i overgang mellom eigedomar blir nytta i sin heilskap.
- Driftsplanar skal byggje på føresetnadene i føresegna til planen inkludert sikringssoner H120. Driftsplanar skal til ein kvar tid vere godkjent av vassverksmyndigheita og Direktoratet for mineralforvaltning.
- Innanfor området kan det i samband med masseuttaket etablerast midlertidige bygningar og anlegg som er naudsynt for drifta.
- Etter avslutting skal området nyttast til skogbruk. Matjordlaget skal takast vare på, slik at dette kan tilbakeførast ved istandsetting til landbruksareal. Drift og avslutting av uttaket skal elles følgje konsesjon.

3.1.5. Vassforsyningsanlegg, VF

- Innanfor området gjeld restriksjonane for sikring av område for grunnvassforsyning, sjå kap-4.1.1, og elles alle aktivitetar som ikkje er forbunde med drift av vassverket.
- Formålet skal brukast til bygg og infrastruktur til vassforsyningsanlegg i høve til konsesjon etter drikkevannsforskriften. Område ikkje brukt til vassforsyningsanlegg skal vere dekt med vegetasjon som vern mot forringing av drikkevassforekomsten. Heile formålet har offentleg eigarform.
- Kantsoner langs vassdrag skal sikrast i samsvar med krav i vannressursloven.
- Formålet omfattar noverande grustak, som skal avsluttast i samsvar med avslutningsplan til driftskonsesjon etter mineralloven.
- Området skal for det meste vere vegetert med naturleg vegetasjon. Skjøtselsplan skal vere samordna med krav til drift av vassverket.
- Brønnar og driftsområde for vassverk skal gjerdast inn. Gjerde skal ta omsyn til fri ferdsle gjennom området.
- Alle materiale brukt på bygg og anlegg på og under bakken skal dokumentere påverknad på drikkevassforekomsten.
- Det er høve til å etablere bygg i samsvar med krav til drift av vassverket, med ein samla BRA på inntil 1000 m². Bygg skal ha saltak og ikkje overstige mønehøgde på 8,0 m. Det er høve til å etablere solcelleanlegg på takflater. Fasadar skal ha kledning av trepanel i mørke jordfargar.
- Driftsvegar skal koplast til KV5 eller KV6. Opparbeiding av driftsvegar og infrastruktur i bakken skal skje med stadeigne massar og vaska grusmassar. Vegar skal liggje med minimum høgde 118 m.o.h. gjennom VF.
- Det er høve til å etablere infrastruktur i grunnen til og frå vassverket sine installasjonar. Det er høve til å etablere overvassgrøfter mellom KV1 og resipient for forureina overvatn i høve til løyve frå miljømynde.

3.2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1. Køyreveg, KV

- KV1 skal ljossetjast for auka trafikktryggleik langs etter brei skulder (1.5m).
- Vegen KV6 skal berre brukast i samband med drift av vassverket i VF.

3.2.2. Annan veggrunn – grøntareal, AVG

AVG er vegareal og skal nyttast til grøft, skulder, snødeponi, skjering /skråningsutslag, sikringsgjerd eller -voll, støyskjerm og rekkverksrom. Det er høve til å etablere skilt, ljosstjing og tekniske installasjonar. Annan veggrunn skal revegeterast slik at det ikkje vanskeleggjer nødvendig vedlikehald. Det skal nyttast naturleg revegetering der det er føremålstenleg.

3.3. Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

3.3.1. Vegetasjonsskjerm, VS

Innanfor området skal eksisterande vegetasjon oppretthaldast og skjøttast som skjermvegetasjon til masseuttaket. Ved fjerning av vegetasjon under anleggsarbeid skal tilsvarende trevegetasjon reetablerast raskt.

3.4. Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

3.4.1. Landbruk, LNFR-areal

Formålet brukast til dyrka eller dyrkbar mark, produksjonsskog og friluftslivsformål. Det er ikkje høve til å etablere bygg eller anlegg innanfor formålet.

3.4.2. Spreidde bustader, LSB

Innanfor området er det høve til tiltak i samsvar med føresegner i den til ein kvar tid gjeldande kommuneplanen.

3.5. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

3.5.1. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, BSV

Ingen føresegner

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1. Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

4.1.1. Område for grunnvassforsyning, H120

Sikringssonene rundt inntaksbrønnane for grunnvassverket er delt i tre soner med sone 0 inst og sone 2 ytst. Restriksjonar er ført opp sonevis slik at restriksjonar for ei sone og gjeld soner som ligg innanfor. For heile influensområdet gjeld krav til spesiell aktsemd knytt til alt som kan påverke grunnvatnet.

Innanfor sone H120_2 (ytre infiltrasjonsone) gjeld følgjande restriksjonar:

1. Forbod mot nye infiltrasjonsanlegg, punktutslipp, deponeringsplassar for avfall, slam eller liknande. Forbod mot industri eller anna verksemd som produserer og/eller i større omfang nyttar kjemikaliar som ved lekkasje kan ha negativ verknad på grunnvasskvaliteten eller langvarig påverknad av vasskvaliteten i hovudvassdraget. Ny industri skal vurderast av tilsynsmyndigheit etter drikkevassforskrifta. Avløp frå evt. ny industri må førast ut av vassverket si omsynssone.
2. Forbod mot nye byggefelt. Frådeling, bygningar og nye vegar kan tillast i eit omfang

som er naturleg for bruk av eigedomane og utvikling av eksisterande bustadområde. Avløp frå evt. nye bygg må reinsast i tråd med Norsk Standard NS-EN 12566-3:2016. Små avløpsreinseanlegg for opptil 50 pe, del 3: Prefabrikerte reinseanlegg og/eller reinseanlegg montert på staden for hushaldningsspillvann før utslepp til resipient,

3. Forbod mot lagring av drivstoff, olje/oljeprodukt, kjemikaliar og farlig avfall.
4. Forbod mot bruk eller lagring av plantevernmidlar ut over det som er naudsynt for landbruksdrift. Lagring og bruk av plantevernmidlar skal følgje den til ein kvar tid gjeldande lovverk. Vassverkseigar skal ha tilgang til dokumentasjon av plantevernmiddelbruken.
5. Uttak av sand/grus skal ikkje gå djupare enn 3 m, dvs kote 118, over grunnvassnivå. Det kan ta- kast ut masser til kote 117, men det føreset fortløpande tilbakefylling av massar med > 20% silt/finsand opp til kote 118. Uttak av grus skal gjerast etter driftsplanar som godkjennast av Direktoratet for mineralforvaltning og vassverkeigar.
6. Overvatn frå riksveg 36 (Kv1) og tilhøyrande sikkerhetssone skal ikkje infiltrere i grunnen. Overvann skal samlast opp og førast bort frå omsynssona.
7. Alle massar som blir tilførte, både mellombels og permanent, skal vere reine massar som ikkje utgjør nokon risiko for forureining av grunnvatnet. Mellomlagring av massar er ikkje tillaten. Risiko for forureining av grunnvatnet frå tilførte massar og nødvendig klassifisering av massane skal vurderast i farekartlegging/ROS-analyse for drikkevatt.
8. Maskiner og anna utstyr som inneheld drivstoff, olje/oljeprodukt og/eller andre kjemikaliar, skal ikkje parkerast, plasserast eller lagrast innanfor området. Drivstoffpåfylling, vask, service og andre drifts- og vedlikehaldsaktivitetar på maskiner og utstyr er ikkje tillatne innanfor området.

Innanfor sone H120_1 (indre sone) gjeld følgjande restriksjonar:

Restriksjonar som skildra i punkta 1 – 8 over, samt følgjande punkt:

9. Nye bygg, campingplassar og vegar er forbode. Forbode omfattar ikkje:
 - a. Utviding, fornying, modernisering eller påbygg som ikkje medfører ny bustad eller driftseining og som ikkje medfører økt forureining.
 - b. Oppføring av byggverk med tilknytning til drift av eigedom eller drift av vassverket når byggverk ikkje er meint som opphaldsstad for menneske eller dyr og ikkje medfører forureining eller fare for dette.
 - c. Oppatt bygging av byggverk etter brann.

Tilsynsmynde etter drikkevassforskrifta skal vurdere eventuelle tiltak før godkjenning. Nye tiltak og skal inkludere tiltak for å redusere risiko for utslepp både under anlegg og drift

10. Utanom areal regulert til vegformål gjeld forbod mot bruk av motorkøyretøy utover det som er naudsynt for eksisterande landbruksdrift. Forbod mot bruk eller lagring av plantevernmidlar og husdyrgjødsel.
11. Forbod mot ubeskytta lagring utandørs av stoff med utvaskbare kjemikaliar.

12. Bruk av skogsmaskin skal meldast skriftleg til vassverkseigar for etablering av særskilt varslingsystem og beredskap i driftsperioden.
13. Forbod mot omfattande gravearbeid i elvelaup. Eventuelle tiltak for å hindre erosjon bør konsekvensutgreiast og skal leggjast fram for vassdragsmyndigheiter for endeleg godkjenning. Eventuelle tiltak skal og vurderast av tilsynsmyndigheit etter drikkevassforskrifta.
14. Det skal haldast ein høg ryddestandard

Innanfor området H120_0 gjeld restriksjonane for sikring av område for grunnvassforsyning, punkt 1 – 14 over, og elles alle aktivitetar som ikkje er forbunde med drift av vassverket.

Driftsanlegg skal gjerast inn. Ved inngjerding av brønnane 4 og 5 skal det takast omsyn til moglegheit for fri ferdsle langs elvebreidda.

4.1.2. Frisiktsone, H140

H140 skal haldast fri for sikthindrande vegetasjon og bygg eller anlegg høgare enn 0,5 m som hindrar sikt.

4.1.3. Ras- og skredfare, H310

Innafor H310 er det fare for retrogressivt kvikkleireskred. Ein skal sikre tiltak innanfor området med tiltak basert på detaljert vurdering. Sikringstiltak er det høve til å utføre utanfor H310.

4.1.4. Flaumfare, H320

Område regulert til fareområde flaumfare er innanfor grense for 200 års flaum. Tiltak med krav til tryggleiksklasse skal ikkje gjennomførast innafor H320, med mindre ein etablerer sikringstiltak.

4.1.5. Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar), H370

Område regulert til fareområde høgspenningsanlegg er sikringssone langs høgspenlinje i luft. I området skal det ikkje førast opp bygg for varig opphald.

4.2. Særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (§ 11-8 c)

4.2.1. Bevaring naturmiljø, H560

H560_1

Innafor område for bevaring av naturmiljø er det ikkje tillate å gjere inngrep eller tiltak som øydelegg naturverdiane i området. Unntatt frå dette er tiltak i Herretjønn som er naudsynt av omsyn til drift av Bø vassverk. Det er ikkje tillate å fylle steinmassar eller liknande ut i vatnet.

H560_2

Innanfor H560_2 ligg verdifull natur av gamal furuskog med liggjande daud ved. Ein skal flytte minst 30% av liggjande daud ved til nye område i samsvar med miljøprogram.

H560_4

Omsynssonen omfattar kantvegetasjon langs vassdrag verna i vannressursloven.

4.2.2. Bevaring kulturmiljø, H570

4.2.2.1. Omsynssone H570_1 (ID 49044-1) er ein buffer kring kulturminne i omsynssone H730_1. Innanfor H570_1 er det ikkje lov å køyre med tunge køyretøy, lagre anleggsutstyr eller byggjemateriale, eller gjere inngrep i grunnen. Omsynssone H570_1 skal under anleggsperioden gjerdast inn med mellombels gjerde av stålnett. Ny skråning mot vegen utformast slik at det visuelle inntrykket kulturminnet hadde i si opphavlege form, blir oppretthalde og ivareteke. Skråninga skal i hovudsak utførast som tilsådd jordskjerjing. Forsterking av skråninga med geonett kan berre vurderast som ei sekundær løysing dersom det i byggjefasen kjem fram dokumenterte forhold som tilseier at tilsådd jordskjerjing ikkje gir tilstrekkeleg stabilitet.

4.2.2.2. Omsynssone H570_2 gjeld kulturminne med ID 139397-1 og 139400-1. Steingjerdet skal så langt som råd stå att uforstyrta. Steinmaterialet frå dei delane av steingarden, som må fjernast, skal brukast att til steingardar/murer langs med KV1.

4.3. Bandlagde område eller bandlegging i påvente av vedtak (§ 11-8 d) (sone H730)

4.3.1. Bandlegging kulturmiljø, H730_1

Automatisk freda kulturminne (ID 49044-1) bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje høve til å sette i gong tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, endre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje.

Hogst og skjøtsel i område avsett til bevaring av kulturminne må skje i samråd med dei regionale kulturminnemyndigheitene.

5. Føresegner til føresegnsområde

5.1 #1

Innanfor føresegnområdet skal ein etablere stikkrenne med ein samla kapasitet til å handtere ein 200-års flaum med klima- og tryggleikspåslag. Inkludert i tiltaket er innløpsarrangement og trygg utslepp til terreng.

6. Mellombels bygge- og anleggsområde, #MBA

Midlertidige bygge- og anleggsområde kan ein bruke til tiltak som er naudsynte for å gjennomføre veganlegget, m.a. midlertidige omkøyringsvegar, anleggsområde, riggplass, anleggsvegar, lagerplass for bygningsmateriell, midlertidig massedeponering, maskiner og brakker. Når anleggsarbeidet er avslutta skal områda setjast i stand i samsvar med underliggjande arealformål til minst same kvalitet som ved anleggsstart. Tilbakeføringa skal være fullført seinast eitt år etter avslutta anleggsverksemd. Heimelen for midlertidig anleggsområde opphøyrer i samsvar med eigenskap i sosi-fila. Seinast 10 år etter planens ikrafttredingsdato opphøyrer midlertidige bygg og anleggsområde.

7. Rekkjefølgjeføresegner

7.1. Miljøoppfølgingsplan (YM-plan og Miljørisker)

Før ein kan få løyve til tiltak innafør hovudføremåla Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, Grønstruktur og bruk og vern av sjø og vassdrag, arealformålet, H560, H570, #MBA , skal det føreliggje ein miljøoppfølgingsplan. Planen skal vere bindande for gjennomføring av tiltak innanfor desse føremåla/omsynssonene/føresegnområde. Miljøoppfølgingsplanen skal vere godkjend av kommunen før anleggsstart.

7.2. Tryggleik

Tiltak for trygg skuleveg og trygg ferdslø for myke trafikantar gjennom anleggsområdet skal vere implementert før anleggsstart, i samråd med brukarar.

7.3. Avkøyringar

Eksisterande avkøyringar med krav om stenging (punktsymbol 1241) skal vere stengde når ny tilkomst til brukseininga er etablert.

7.4. Revegetering

Alle område med krav til revegetering skal ha eit grønt preg seinast 3 år etter avslutta anleggsverksemd.

7.5. Drikkevatn

Før anleggsstart skal ROS-analysen for drikkevatn, tiltaksplanen for drikkevatn og beredskapsplanen for drikkevatn liggje føre og vere godkjende av Midt-Telemark kommune. Ved trinnvis utbygging kan omfanget tilpassast, føreset at omsynet til drikkevatn blir ivareteke.

7.5.1. ROS - analyse

Det skal utarbeidast ei eiga ROS-analyse/farekartlegging, jf. drikkevassforskrifta § 6, der omsynet til drikkevatn blir analysert opp mot det planlagde veganlegget. ROS-analysen skal kartleggje, identifisere og vurdere relevante uønskte hendingar, sårbarheiter og risikoreduserande tiltak som kan påverke vassforsyningssystemet. ROS-analysen skal omfatte både anleggsfasen og driftsfasen til vegen, og skal danne grunnlag for utarbeiding av tiltaksplan for drikkevatn og beredskapsplan for drikkevatn. Analysen skal òg avklare behovet for supplerande vurderingar, kartleggingar eller undersøkingar, som i så fall skal gjennomførast før anleggsstart.

7.5.2. Tiltaksplan

Det skal utarbeidast ein tiltaksplan for drikkevatn basert på farekartlegginga/ROS-analysen for drikkevatn. Tiltaksplanen skal vise korleis identifiserte risikoar og sårbarheiter skal følgjast opp gjennom konkrete tiltak i anleggs- og driftsfasen

7.5.3. Beredskapsplan

Det skal utarbeidast ein beredskapsplan for drikkevatn basert på farekartlegginga/ROS-analysen og tiltaksplanen for drikkevatn. Beredskapsplanen skal beskrive handtering av uønskte hendingar som kan truge drikkevatn og vassforsyningssystemet i anleggs- og driftsfasen. Beredskapsplanen skal klart fastsette ansvar, varslingsrutinar og nødvendige tiltak ved hendingar som kan påverke kvaliteten på drikkevatnet eller forsyningstryggleiken.

8. Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene

Miljøprogrammet vedlagt reguleringsplanen skal vere juridisk bindande. Ved motstrid gjeld føresegnene føre miljøprogrammet.
